



UHped

Norsk nettverk for universitets- og høyskolepedagogikk

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste med orientering til dagsorden

Sakliste og innkalling ble godkjent.

Sak 2 Valg av møteleder og møtereferent

Patric Wallin ble valgt til møteleder. Odd Rune Stalheim valgt til møtereferent.

Sak 3 Årsrapport 2021-2022

Leiar Wallin gjekk gjennom hovudområde for styret sitt arbeid i året som har gått. Styret har arbeida vidare med innspel frå førre årsmøte i tillegg til andre satsingsområde. Styret har arbeida med å synleggjera nettverket på ulike måtar gjennom blant anna jamlege nettverksseminar. Sjå årsberetninga for utdjuping av dei enkelte områda.

Innspel om kontakten med Krono. Wallin ser på dette som ei anledning til å bli synleg og at UHpednettverket bør ha ei aktiv stemme i saker som angår feltet. UHped-nettverket bør vera ein naturleg aktør som vert spurt om saker som er aktuelle for miljøet.

Sak 4 Regnskap for 2021

Se sakspapirer for budsjettposter og forbruk i 2021.

Husebø gjekk kort gjennom rekneskap for 2021. Ynsket er å få satt i gang aktivitetar for å nytte midlane som er tilgjengeleg og vidareført frå tidlegare. Nokre utgiftspostar er bundne i aktivitetar som ikkje er synleg på rekneskapet for 2021 og vil bli bokført på rekneskapet for 2022.

Sak 5 Arbeidsprogram

Wallin gjekk kort gjennom dei 3 hovudområda for arbeidsprogrammet 2022-2023. Meir informasjon i årsberetninga.

Innspel:

Positiv til punkta som vart presentert. Godt tidspunkt for fleire av områder i etterkant av pandemien. Fint å prøve å unngå at folk jobbar isolert og at det vert utvikla mogelegheiter for samarbeid og erfaringsdeling. Fint med stimuleringsmidlar for å sett i gang relevante og nyttige prosjekt som vert delt og presentert i aktuelle kanalar.

Tidlegare vart det satt ned eit utval for fagpolitisk arbeid som var lærerikt og nyttig. Nokut har omfattande arbeid på informasjonssida som er ein statleg konkurrent for å definera feltet som vi må vera merksame på. Det er difor viktig å ta tak i dette arbeidet.

Tvetydigheit, inkonsistens og usikker kring bruk av pedagogisk programvare. Kva er vår rolle i dette?

Strukturen i arbeidsprogrammet er fin av ulike årsaker. Den gir ein naturleg samanheng i årsrapporten og med dei nye vedtektene og fint viss det i tillegg vert kopla til stimuleringsmidlane. Dette bidreg til å spissa innsatsen vår på ulike områder. Det fagpolitiske er eit stort arbeid og det burde kanskje vore ei arbeidsgruppe på dei ulike områda?

Korleis kan vi påvirke kva slags midlar som vert bevilga til FOU-arbeid. Mykje fokus på enkelte områder. Viktig å sjå på rammevilkar og styringsverktøy. Vi kan påvirke og vera premissleverandørar for å auka kunnskap om å vera ansatt i HU.

Publisineringskanalar for praksisrapporter. Det er ulike karrierevegar i HU, sjå til dømes på tidsskriftet, Change, som inneheld rapporter frå røynda som er godt formidla. Etterlyser noko tilsvarande til dette.

Behov for ein kanal der vi kan dele med kvarandre utover lokale initiativ for delingsplattformer.

Premissane for undervising er endra etter pandemien. Kva har fleksible undervisingstilbod å seia for undervisarar? Det tradisjonelle er i endring. Større krav til deling og læringsdesign, kan vi sette premissane for kva er kvalitet i dette landskapet? (Jf stimuleringsmidlar)

Årsmøtet stiller seg bak arbeidsprogrammet for neste periode

Sak 6 Bokprosjekt

Husebø informerte om eventuelt framtidig bokprosjekt. Det er eit nytt styre med ein del utskiftingar og det er mange i nettverket som har mykje kunnskap om feltet som det hadde vore spanande å få dokumentert. Ynsket er å skrive fram vitenskapsområdet, historisk, framveksten. Sjå årseberetninga for meir informasjon om prosjektet.

Innspel:

God ide. Viktig å bruke det ein allereie har. Det er skrive ei avhandling på dette. Kan godt sette ned ei eiga redaktørgruppe.

Fint å leggja til rette for samarbeid med skriveseminar o.l, fagutvikling handlar også om prosessen.

Stort behov for dette. Fint å samle kunnskap i ei bok istadenfor «berre» gamle årsmeldingar.

Sak 7 Nye vedtekter

Walling refererte til arbeidet frå arbeidsgruppa. Sjå årseberetninga for forslag til nye vedtekter.

Nye vedtekter vedtatt av årsmøtet med forbehold om språkvask.

Sak 8 Orientering frå Uniped

Walling og Isaksen informerte frå rapporten frå redaksjonen. Sjå årsberetninga for rapport.

Årsmøtet tar rapporteringa til etterretning.

Sak 9 Orientering fra utviklingsprogrammet

Grunna pandemien har dei fyrste samlingane vore digitale. Sjå årsberetning. Lagt opp til gruppesamarbeid på tvers av institusjonar. Skal møtes fysisk 26.april og ei siste samling i juni som er fysisk der deltakarane skal vera ferdig med sine rapportar. Programmet er ein arena for å møtast på tvers. Alle er eksperter og har ulike kompetanse og opplegget styres av dette. Det er allereie etterspurnad for å fortsetja med programmet.

Sak 10 Budsjett

Husebø informerte om budsjettet for 2022 og 2023

Sjå fullstendig budsjett i årsberetninga.

Nye vedtekter trer i kraft frå 2022 og budsjettet vert justert i tråd med dei .

Budsjettet er godkjent med justeringar i tråd med vedtektsendingane.

Sak 11 Valg av styre og valgkomite

Styret 2021-22

Patric Wallin (NTNU) – leder

Inger Carin Erikson (BI) – nestleder

Dag Husebø (UiS)

Odd Rune Stalheim (INN)

Leila Ferguson (Kristiania)

Varamedlemmer

Robert Isaksen (UiT)

Hege Hermansen (OsloMet) På valg

Valkomiteen er valgt for 2 år.

Valkomiteen sin leiar Rønsen presenterte innstillinga.

Valkomiteen innstiller Patric Wallin som styreleiar: Vedtatt

Valkomiteen sine kandidatar til nytt styremedlem er fylgjande:

Anna Mavroudi (UIO)

Glenn Øvrevik Kjærland (HVL)

Årsmøtet stemte ved å vise stemmeseddel.

Mavroudi vart valgt inn i styret.

Styret 2022-2023

Patric Wallin (NTNU) – leder

Inger Carin Erikson (BI)

Dag Husebø (UiS)

Odd Rune Stalheim (INN)

Leila Ferguson (Kristiania)

Robert Isaksen (UiT)

Anna Mavroudi (UIO)